
ÅRSMELDING UL. HEIMHUG 2016

UL. Heimhug er eit frilyndt lag som ønskjer å skape engasjement og eit levande lokalmiljø.

I året 2016 har dette vore aktivitetar i Ljosheim:

Utleige:

Totalt 12 gongar har huset vore utleidd;

- 6 gongar til festbruk.
- 2 gongar til barnebesøk.
- 1 gong til selskap med innleidt kjøkkenhjelp frå styret
- 1 gong til bryllaup
- 1 gong til dåp
- 1 gong til konfirmasjon

Fast bruk:

- Styremøter for UL. Heimhug (10 ordinære styremøter i 2015).
- HUK (Klubben legg sjølv fram sitt bruk av huset).
- Zumba og styrketrening to gongar i veka gjennom heile året (måndag og torsdag).
- Hiphop-kurs både vår og haust. Fast bruk for hiphop-jentene etter skulen kvar tysdag (hausten 2016).
- Folkedans for barn i barneskulealder, ein gong i veka fram til sumaren 2016.
- Øvingslokale for Hjelmås-revyen, samt framsyningslokale for revyen sine framsyningar.

Anna bruk:

- Pub i regi av pub-gruppa

Aktivitetar styret har vore medverkande i:

- Standup-pub med Gudmund og Karina, 26.02.16
- Vår-dugnad / Sunshine-party (17. april 2016).
- Tour de Sandvikadalen (22.mai) Ingen frammøtte. Dei innsamla premiane vert spart til eit anna høve, og kakene åt me opp sjølv..
- Sumardag på kaien 19. juni. Ein knallkjekk familievenleg dag med fiskekonkurranse og fleire aktivitetar som fiskedam, ansiktsmaling, samt opptreden frå gamaldansgruppa og hiphop-jenter.
- Barnestemnet på Lindås, hiphop-jentene reiste og representerte UL. Heimhug.
- Arrangere haustefest med revy (05. november 2016).
- Julemarknad (27.11 2016).

Årsmelding UL Heimhug 2015

Anna:

- Hjelmås mannskor melde seg ut som ein aktivitet knytt til UL. Heimhug, og meldte seg inn i norsk kor forbund.
- Huset har jamleg vore sett til og stelt med då det har vore reinhaldsliste som tek for seg vask minst kvar 14 dag.
- Nytt av året 2016 er Husastyret - eit treeiningheit beståande av Yngve Fyllingen, John-Ole Sandvik og Jørgen Ånensen. Dei har stått på med alt frå å mala hus til å fanga mus. Me er veldig takksame og imponert over dugnadsviljen til desse karane! Dei legg fram ei eiga årsmelding for dugnadsarbeidet 2016.
- Kasserar har skaffa ungdomslaget eigen VIPPS-konto, som gjer det lettare med betaling på våre arrangement.
- Styremedlemmer jobba med å skaffe sponsorar til Hjelmåsrevyen. Styret godkjente søknad frå revyen om å sleppe betale 10 000 til fellesutgifter for 2016.
- Det vart laga ei dugnadsliste med namn på personar som kan spørjast om hjelp til ulike arrangement.
- Me starta opp med eit prøveprosjekt der nokre karar i sakkyndig leiing frå Yngve Fyllingen ville ta på seg å halde pub med jamne mellomrom i huset. Til no har dei hatt sin eigen økonomi, og ikkje betalt noko husleige til Ljosheim. Tanken bak er at det viktigaste er aktivitet i huset som bidrar til vårt felles ynskje om eit levande lokalmiljø. Planen vidare er at styret tek ei evaluering saman med pub-gruppa og lagar ein formell avtale for vegen vidare.
- Me har fått ein flott frivillig frå revygruppa til å representer UL. Heimhug i brukargruppa for Storstova. Hilde Alvær Hagesæter har tatt på seg denne jobben og gjev styret jamlege rapportar undervegs i denne prosessen.

Sittande styre i 2016:

Gjeldane frå styremøtet den 23.3.2015

Leiar og skrivar	Christine
Nestleiar	Lillian
Kasserar	Kristine (ny i styret 2016, sitt i 2 år)
Utleigearansvarleg	Annette
Vaksenkontakt HUK	May-Grete (og Maria, varamedlem).
Styremedlem	Heidi
Styremedlem	Anne-Lise (ny i styret 2016, sitt i 1 år)
Revyrepresentant	Kristin
HUK representant	Melina

Kasserar revy: Solgunn. **Kasserar HUK:** Pernhild **Revisor:** Mary og Kari.

Valnemda: Charlotte, May-Grethe.

Husastyret: Yngve, Jørgen, John-Ole.

Referent: Christine Westervik